



12

ÅRSMELDING

BREMNES FRYSERI

Bremnes Fryseri er eit holdingselskap, og eig selskapa **Bremnes Seashore**, **Salmon Brands** og **Kald Fisk** som tek seg av settefiskproduksjon, matfiskproduksjon, slakting, pakking, foredling, sal av Salma, samt innovativ nytenking.

Bremnes Fryseri eig og 40 prosent av sals- og distribusjonsselskapet **Ocean Quality** som sel heilfisk og foredla laks.

Innhald


Haustar med erfaring og klokskap	4
Saman oppnår me gode resultat	6
Sunt og berekraftig	8
Våre viktigaste ressursar	10
Lokasjonar	12
Selskapsstruktur	13
Styrets beretning	14
Resultatrekneskap	18
Balanse	20
Kontantstraumoppstilling	22
Noter	23
Revisor si melding	41







Haustar med erfaring og klokskap



Grunnfilosofien bak lakseproduksjonen til Bremnes Fryseri er «Look to nature». Heilt frå laksen er rogn til han er vaksen prøver me å kopiera tilhøva i naturen etter beste evne – ut frå det me veit om biologien til villaksen. Målet er å skapa best mogleg fiskehelse og fiskevelferd, to særskilte viktige byggjesteinar som ligg i botn for heile verksemda vår.

Me startar allereie med rogn, som me plasserer på ein kunstig «elvebotn» av plasts substrat. Denne liknar på oppvekstmiljøet lakserogna har på elvebotnane ute i naturen.

Bremnes Fryseri har oppdrettsanlegg på 23 lokalitetar. Fellesnemnaren for alle desse lokalitetane er gode straumtilhøve og reint, friskt vatn. Me justerer anlegga for å sikra optimal plassering på kvar einskild stad.

For å auka trivselen og betra helse til fisken vår ytterlegare, er me svært opptekne av å halda tettleiken i merdane låg. Difor nyttar me merdar som er ekstra store. Resultatet er at 160 m merdar med fullvaksen laks består av 99 prosent vatn og berre har ein prosent fisk. Dette er om lag halvparten av det styresmaktene set som krav.

Eit anna særpreg ved oppdrettsverksemda vår, er at me også nyttar ekstra djupe nøter i merdane. På den måten let me fisken sjølv velja kva vassjikt han vil opphalda seg i, og laksen kan symja til den delen av sjøen som har mest optimal temperatur for årstida.

Når ein fisk er sett ut i ei merd, let me han bli der frå han vert sett ut til han er fullvaksen. Me verken sorterer eller flyttar laks frå merdane. På den måten unngår me situasjonar som kan påføre fisken unødig stress.

SALMA

FERSK LAKS

SALMA FERSK LAKS er meget høj kvalitet med indhold af naturligt omega-3, protein og vitaminer. SALMA FERSK LAKS er perfekt til at servere som hovedret eller som tilbehør til dine andre retter. Dette gør den lakse til den perfekte ingrediens til dine retter. SALMA FERSK LAKS er perfekt til at servere som hovedret eller som tilbehør til dine andre retter.

SALMA

FERSK LAKS

Saman oppnår me gode resultat

Laksenæringa er ei næring der det krev klokskap, innovasjonstakt og langsiktig satsing om ein skal lukkast. Bremnes Fryseri er ein tradisjonsberar og er med erfaring og kunnskap i dag ein av dei leiande aktørane i bransjen. Me har i dag tre settefisk- og 21 matfiskkonsesjonar i Rogaland og Hordaland. Dette gjev vårt foredlingsanlegg og pakkeri i Øklandsvågen stabile leveransar av levande laks.

Fjoråret var det fyrste året me hadde det nye pakkeriet tilgjengeleg i alle 12 månadane. Med ei mengde på opptil 400 tonn pr. dag kan pakkeriet handtera eit stort volum. Nye maskinar og anlegg i bedrifta har og ført til auka trivsel, og me opplevde at den positive reduksjonen i sjukefråvær i 2011 også fortsette i 2012.

For å kunna produsera og levera kvalitetsprodukt er det behov for dyktige medarbeidarar. I 2012 var me for fyrste gong over 300 tilsette. Ein milepæl i selskapet. Me har tilsette som stiller opp i travle periodar, og som heile tida er opptekne av at me leverer kvalitet. I fjor omsette konsernet vårt for over 1,1 milliardar, noko som igjen er ei markant omsetningsauke frå året før. Me produserte nesten 29 000 tonn laks. Dette er ny rekord.

Produksjonsauke krev også gode og effektive salsledd. Det har me i Ocean Quality som me eig saman med Grieg Seafood. Ocean Quality har på få år bygd seg opp til å bli eit av Noregs beste salsselskap på lakseprodukt. I fjor tok Bremnes Fryseri over heile eigarskapen i Salmon Brands, og utviklinga etter overtakinga har vore svært positiv. Det er også gledeleg å sjå at me samarbeider godt med Bolaks og Fremskridt

på slakting og pakking av laks. Eg vil gjerne få takka desse selskapa for det me fekk til saman i 2012.

Som leiar er det inspirerende og givande å oppleva at Bremnes Fryseri utviklar seg så godt. Me er ein sentral aktør i ei verdifull og framtidretta næring. Men det er også utfordringar. Tidvis kan det vera krevjande å formidla til våre folkevalde kor viktig og god denne matproduksjonen er, og kva rammevilkår som må ligga til grunn for ei bærekraftig og sunn næring. Me har i fleire år arbeidd for å få på plass store oppdrettssoner. I 2013 er halvparten av laksen vår sett ut i slike soner. Me ser at dette har særns god effekt på dei biologiske utfordringane. Eg håpar at me gjennom konstruktiv dialog med oppdrettarane i regionen og myndighetene kan få på plass dei resterende sonene relativt raskt.

Me er no godt i gang med 2013, og me har hatt ein god start på året. Det er kjekt å sjå at produkta våre er meir etterspurde enn nokon gong, og at alle tilsette er med og drar lasset i same retning. Eg vil gjerne takka kvar enkelt for den gode innsatsen som vert lagt ned for Bremnes Fryseri kvar dag. Saman oppnår me gode resultat!

Olav Svendsen jr.
Administrerende direktør





Berekraftig

I ei verd med sterk vekst i folketalet, må me henta mykje av maten frå havet for å stetta etterspørselen. Som lakseprodusent er me i Bremnes Fryseri ein viktig leverandør til det globale matfatet, og ein ansvarsfull bidragsytar med strenge krav til produksjonen.

Strengt kvalitetssystem

Grundig opplæring av tilsette er saman med mikrobiologiske, kjemiske og sensoriske analysar av råvarene, berre nokre av tiltaka som sikrar sunne og berekraftige produkt. Grundig overvaking av produksjonsprosessane, er eit anna. Laksen si utvikling blir kontrollert og dokumentert frå rognstadiet og fram til ferdig vare: Me kan følgje historia til kvar enkelt fisk!

Internasjonale standardar

Kvalitetssikringa garanterer ikkje berre for sunn kvalitetsmat, det sikrar også minst mogleg påverknad på det naturlege miljøet i havet. I tillegg til ei rekkje kundespesifikke krav, tilfredstiller me dei internasjonalt kjende standardane GLOBALG.A.P, BRC og Friend of the Sea som set fokus på alt frå matvaretryggleik til dyrevelferd og berekraft. Me arbeider dessutan aktivt for å oppfylle den komande internasjonale berekraftstandarden for oppdrett av marine artar (ASC).

Nullvisjon

Rømming, lakselus og berekraftig fôrproduksjon, er dei tre største utfordringane me i Bremnes Fryseri har. Mange tiltak er allereie på plass: Nøtene og merdane våre er til dømes meir rømmingssikre en det standarden krev, og fôrleverandørane leverer råvarer frå berekraftige fiskeri. Aktiv bruk av rensefisk og brakklegging av større fjordområde, har dessutan ført til positive resultat i forbindelse med lakselus og andre biologiske utfordringar. Som medlem i Hardangerfjordlauget har me fått til både kortsiktige og langsiktige tiltak som skal tryggja ein god beredskap ved rømmingar. Bremnes Fryseri har nullvisjon mot lakse-rømmingar.

Effektiv produksjon

Lakseoppdrett er den mest effektive kjøttproduksjonen me har i dag. Laksen utnyttar fôret betre enn både kylling og gris, og forskning viser ei rekkje positive helseeffektar av Omega-3-fettsyrene EPA og DHA, som er den viktigaste bestanddelen i fiskefôret. Bremnes Fryseri har i dag ei god utnytting av dette råstoffet, og Omega-3 innpakka i våre lakseprodukt gjev betre effekt på helsa enn Omega-3 innpakka i kapslar. Laks frå Bremnes Fryseri er med andre ord både sunt og berekraftig!

Året oppsummert

Det har vore eit spennande år, med ny fabrikk, oppkjøp av Salmon Brands og auke i tilsette.

Januar

Oppstart av Bremnes Seashore sin trimkampanje.

Mars

100 % eigaskap i Salmon brands AS, etterkjøp av 51 % frå TINE SA.

Mai

Passerte 300 tilsette, inkludert innleide.

2012

Februar

600 tonn råstoff foredla ved eigen fabrikk.

April

2,9 millionar smolt satt ut i sjø.

Juni

Kjøp av ein ny konsesjon for oppdrett av laks og aure, totalt 21 konsesjonar.

Juli

Slaktet over 6 000 tonn rundvekt laks på slakteriet.

September

Over 30 000 SALMA smaksprøver blei delt ut under årets Matstreif i Oslo.

November

Solgte om lag ein million Salma-måltider.

August

Brakkleging av sone: ingen fisk i sjø vest for Bømlo denne månaden.

Oktober

Produserte 3 000 tonn laks i sjø.

Desember

Oppdrettet rognkjeks blei satt i sjø for første gong til bruk som rensefisk.

2013

Våre viktigaste ressursar

Bremnes Seashore
pr. 31.12.2012

Settefisk Gjeravåg

Berentzen Elin Solheim
Hollund Kristian
Pedersen Aksel R.
Robberstad Inge

Settefisk Trovåg

Haraldseid Øyvind Jakob
Larsen Marijann Belt
Skogen Anne Brith
Svendsbøe Torunn
Ånestad Jorunn

Settefisk Skålevik

Hellen Dag Helge
Hellen Gunn Agnes
Sørvik Ole

Oppdrett Hardanger

Grotnes Egil Jensen
Haugen Knut
Hesvik Øyvind
Jensen Håkon
Lundal Vidar
Selsvik Dag-Kjetil
Toen Jarle Jensen

Oppdrett Rogaland

Alsвик Stig Arvid
Bø Alf Anders
Eike Jostein
Eike Karina
Grytdal Hanne
Johannessen Klaus Andreas
Knudsen Christian
Knudsen Glenn Egil
Langvik Jarle
Næss Ane Johanne
Reinhaug Øystein
Romaniszyn Robert
Sitter Tom Bjarne V.
Steinsvik Trond
Svabø Eirik
Wigdahl Henriette
Wågen Camilla

Oppdrett Sunnhordland

Bø Kjetil Lavik
Eidet Kenneth
Ervik Bjarte
Ervik Magnar
Farestveit Tore
Hellen Lise
Hope Bernhard S.
Julsrud Elisabeth Winterhus
Kvarven Frode
Olsen Endre Johan
Piscopo Terje Antonio
Røsvik Henrik Hallaråker
Selle Simon Flatebø
Sett Yvonne
Steinsbø Lars Erik
Stokkenes Hans Marius
Sæverud Oddvar
Søvold Geir Olav

Vik Anders Eidet
Økland Alfred
Økland Nils Ragnar
Økland Sigve
Økland Vidar
Aasheim Dag Eirik

Pakkeri

Aubzikevicius, Kestutis
Biriukov Roman
Borlaug Sandra C. U.
Brickle Vladimir
Bråthen Sigurd Hus
Bø Svein Tore
Dang Ngoc Hoang Anh
Dzenceviciene Renata
Dzencevicius Deividas
Glørstad Vidar
Griskoniene Gitana
Griskonis Vaidotas
Halvorsen Constanse
Hamre Anette
Janusaitis Darius
Jukna Simonas
Jukniene Lina
Kanarskas Raimondas
Kasparaite, Ieva
Kazlauskas Kazimieras
Kazlauske Monika
Keawkunya Nipaporn
Kolbjørnsen Marte
Kunevicius, Arminas
Kunevicius, Edvinas
Labenskas, Raimundas
Lapenas Rolandas
Lukosiunas Arvydas
Lukosiunas Gintautas
Lukosiunas Mantas

Lurins Maris
Macijauskas Rolandas
Magnusson Benjawan
Meling Ronny
Merenkov Vladimir
Miklovyte, Vita
Mironova Julija
Mitrulevicius Robertas
Myhre Bjørn Otto
Myren Reidar
Navikauskas Remigijus
Navikauskiene Edita
Novikovas Eugenijus
Palakaukas, Andrius
Pelaityte, Dovile
Piliunas Tomas
Prochorocevas Olegas
Rukkusol Sawwanee
Rystad Anne Liv
Sedici Sharif Mohammed
Sett Silvio
Stankevicius Mantas
Stonyte, Inga
Sueaklang Kanokthip
Sulymin Naman Hamid Asse
Tollaksvik Mia
Tubelyte Evelina
Tukal, Ovidijus
Ulys, Ramunas
Vaitkevicius, Tomas
Vedeksiene Lina
Vedeksyte, Dovile
Voras, Arunas
Zebraitiene Laura
Zebraitis Dainius
Zilatis, Aidas
Zukauskaite, Vaida

Foredling

Abaksins Vladimirs
Aboalhaja Noralhq M
Abraham Dusan
Akbery Golam Heider A
Alagic Dobrila
Andreassen Morten
Askfelt Nellie Emilia
Avesand Johan Andres
Bjelland Randi
Brundziene Jurgita
Brundziene Rasina
Bø Ingrid
Bøe Margot
Ekberg Eivind Fauskanger
Ekberg Håkon F
Ekberg Trygve Fauskanger
Fylkesnes Linda
Fylling Monica
Geitung Irene J
Gjøsæter Bodil Karin
Gulliksen Even
Gumbinas Tomas
Habbestad Erik
Habbestad Ole
Habbestad Ragna Iversen
Haidary Abdul Ahad
Haidary Ali Aga
Hellen Brynjar
Hellen Gjertrud S
Hidle Lina
Hope Henrik
Hovland Annlaug Regine
Rezaee Marianne
Innvær Sissel Elin Grønås
Innvær Steinar
Johnsen Leif Otto
Johnsen Marit

Kanarskiene Egle
Katla Johnne
Krinicyn Aleksandr
Kupcovs Janis
Labanauskas Rytis
Lapeniene Irma
Larsen Bjørg Helen
Larsen Janne
Le Huynh Hoa Thi
Legøy Håkon Aga
Legøy Thomas Aga
Lidal Hanne Grethe
Lidal Ruth
Linkeviciene, Diana
Linkevicius, Romas
Michaelsen-Svendsen Tonje
Mosavi Ali
Muftic Mladena
Naseri Ali
Navikauskiene Mintara
Nesse Jenny
Nesse Jorunn
Nguyen Oanh Hong
Novade Sana
Olsen Anette
Pacevicius Vytautas
Panchenko Germans
Puciato Agata M
Ramanauskas Ramunas
Rascius Irmantas
Rasciuviene Andzelika
Rezaee Faisal
Rezaee Mohammad Nasim
Rezaee Zabi
Rukkusol Pattarapan
Sakinis Arturas
Salanova Leticia Segura
Salih Bootan Mustafa

Santana Thomas Økland
Sidow Mohammed Maalin
Simonaviciene Ausra
Simonavicius Edvardas
Sortland Martin
Stokkenes Johannes
Stokkenes Vidar
Sæverud Magda
Sørstabbø Helena
Sørvik Vibece
Tamosaitis Ernestas
Tverborgvik Inga Marie Meling
Uogintaite Anastasija
Urang Helge
Valciukas Arunas
Valciukienė Audronė
Vanagas Svajunas
Vanagiene Sandra
Vatten Kristine
Vold Kåre Jan
Wang Lina
Ytrøy Solfrid
Zekic Mersija
Økland Gro Lill
Ånderå Trond

Sal, Salmon Brands

Gundersen Trym Eidem
Jenssen Kristin
Lervik-Mørck Bjarne
Løkka Line
Monsen Christine Okkenhaug
Nilsen Sølvi Janne
Ribe Kjetil
Saxebøl Inger
Selebø Brit Randi
Swensen Lars Petter
Vindedal Kristin

Ørnehaug Anna
Henden Marit

Transport

Barqawi Ahmad Sharif M
Boncuks Aleksandrs
Butkus Saulius
Daland Per Øyvind
Durecek Marcel
Endziulis Eimantas
Jasinavicius Mantas
Lutro, Jon Kjetil
Magnusson Hans
Mammadi Ali
Nakutis Nerijus
Navikauskas Aistis
Salih Jihad
Sortland Bjarne
Steinsland Synnøve

Vedlikehold

Folgerø-Holm Melankton L
Grindheim Joachim Grønås
Gåsland Benedikte
Habbestad Odd Kristian
Hopland Peder
Kloven Stine
Mathiassen Kjell Gunnar
Rolfnes Olaf
Sørvik Bjørn Ketil
Økland Audun
Ådnanes Geir Ivar

Servicebåt

Føyen Terje
Hollund Alexander
Natterøy Thomas
Rossebø Svein Olav

Kantine

Djuvik Aud
Hjellbakke Anita
Mæland Dagne Rannveig
Nesse Randi Paulsen
Nguyen Hiep Ngoc
Sæverud Reidun

Administrasjon

Aga Turid Birgitte
Alvsvåg Silje Kathrine
Bruun Jørn-Rune
Bråthen Anne Meling
Eide Einar
Eriksen Alexandra I
Fosse Stian
Helgesen Ernst Olav
Helvik Vidar
Hoksrud Trine Lise O
Hovland Line
Husa Arvid
Innvær Kim
Knarvik Bernhard
Knarvik Torild
Knutsen Geir Magne
Kringeland Ragnhild
Meling Astrid Sørensen
Meling Kristin Mæland
Sortland Bodhild Hope
Svendsen Olav O.
Sæverud Bjørn Willy
Sæverud Eivind
Sæverud Terje
Sæverud Torbjørg

Høg trivselsfaktor

For vår bedrift er det viktig med god trivsel blant dei tilsette. Me har difor ein hovudstrategi for HMT/ personale me arbeider etter. Me vil auke trivselen ved å arbeide med motivasjonsfremjande tiltak, sjukefråværsoppfylging, reduksjon av arbeidsulukker og kompetanseheving.


Vår HMT-sjef Silje Kathrine Alvsvåg er tydeleg i sin bodskap.

– Me ynskjer at Bremnes Seashore skal vera ein arbeidsplass der dei tilsette merker HMT i praksis, og at ein blir inkludert. HMT skal ikkje berre vera fine ord på papiret.

Målingar me gjorde i 2012 viser at trivselsfaktoren er høg, og sjukefråværet har gått ned kvart år sidan 2008. Det er me stolte av!

Sjukefråvær


2012:



4,3%



28 ANLEGG
I NI KOMMUNAR



-  MATFISK
-  SETTEFISK
-  PAKKERI/FOREDLING/ADM.



BØMLO



SVEIO



KVINNHERAD



JONDAL



VINDAFJORD



FINNØY



STRAND



SANDNES



FUSA

Dette er Bremnes Fryseri

BREMNES FRYSERI AS

Morselskap i konsern,
eigedom og aksjar

BREMNES SEASHORE AS (100 %)

Smolt, matfisk, pakking og foredling

SALMON BRANDS AS (100 %)

Marknadsføring og sal av SALMA produkt

KALD FISK AS (100 %)

FoU selskap

SØLVFISK AS (100 %)

Konsesjon smoltproduksjon

OCEAN QUALITY AS (40 %)

Sal og distribusjon av heilfisk og foredla laks

SÆVAREID FISKEANLEGG AS (16,67 %)

Produksjon av smolt

Styrets beretning

Verksemda sin art og lokalisering

Bremnes Fryseri AS er eit holdingselskap med kontor i Bømlo kommune. Verksemda til morselskapet omfattar drift av eigedommar og investering i andre føretak.

Konsernets verksemd har hovudkontor i Bømlo kommune med avdelingar i Hardanger, Sunnhordland og Rogaland. Verksemda til konsernet omfattar i all hovudsak oppdrett av settefisk og matfisk, samt slakting, pakking, frysing, foredling og sal av oppdretta matfisk.

Finansielle forhold

Verksemda Bremnes Fryseri AS oppnådde i 2012 eit resultat før skatt på 55,3 millionar mot -3,9 millionar i 2011. Bremnes Fryseri AS sitt årsresultat vart 58,0 millionar mot -1,9 millionar året før.

Verksemda Bremnes Fryseri AS oppnådde netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar på 9,7 millionar. Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar vart -98,3 millionar for selskapet, og netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar 88,5 millionar.

Konsernet har og i 2012 hatt ein auke i aktiviteten. Nedgangen i lakseprisen var på om lag 10 % samanlikna med 2011, men omsetninga auka med 13%. Konsernet sitt driftsresultat før avskrivningar (EBITDA) vart 128,2 millionar mot

tilsvarende 83,4 millionar året før. Konsernet oppnådde i 2012 eit driftsresultat på 55,3 millionar mot 33,6 millionar i 2011 og eit årsresultat på 33,2 millionar mot 6,7 millionar i 2011. Konsernet har hatt auka aktivitet innan alle forretningsområda. Fleire smolt produsert, auka slaktevolum av eigen og ekstern fisk i tillegg til auka volum på bearbeida og selde varer. Utfordringa har vore vedvarande låge lakseprisar gjennom heile 2012. Det positive er at marknaden har tatt unna ei stor auke i slakta fersk atlantisk laks. Biologisk har det vore ei betring i 2012 med redusert svinn. Særs positivt har det vært i regionar med brakklegging. Dette har ført til auka produksjonsvolum av laks og reduserte kostnader pr. kilo produsert.

Konsernet sine netto finanspostar i 2012 utgjer -11,1 millionar mot -22,6 millionar i 2011. Resultat før skatt vart 44,2 millionar mot 11,1 millionar året før.

I 2012 var netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar 84,1 millionar for konsernet. Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar var -184,1 millionar for konsernet. Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar utgjer for konsernet 111,4 millionar.

Styret meiner at års- og konsernregnskapen gir eit rett bilde av konsernet sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Konsernet er eksponert for finansiell risiko i form av marknadsrisiko, valutarisiko, kredittisiko og likviditetsrisiko. I den grad konsernet ser det som naudsynt har ein styrt risikoen ved bruk av finansielle instrument og forsikringsordningar.

Tilsette

Ved slutten av året er det 261 tilsette i verksemda fordelt på 106 kvinner og 155 menn. Det er ingen tilsette i morselskapet. Uavhengig av ønska om likestilling mellom kjønna har konsernet i sin rekrutteringspolitikk og avlønningssystem alltid lagt vekt på at det er den enkelte sin kompetanse og innsats som er avgjerande. Styret vil gje ros til dei tilsette for deira store innsats gjennom året.

Diskriminering

Diskrimineringslova sitt formål er å trygga likestilling, sikra like muligheter og rettigheter og å hindra diskriminering. Konsernet arbeidar aktivt, målretta og plan messig for å sikra lovens formål innanfor vår verksemd. Aktivitetane omfattar blant anna rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, karriere og beskyttelse mot trakassering.

Konsernet har som mål å vera en arbeidsplass der det ikkje førekjem diskriminering på grunn av redusert funksjonsevne. Konsernet arbeidar aktivt og målretta for å utforma dei fysiske forholda slik at verksemda sine ulike funksjonar kan nyttast av flest mulig.

Helse, miljø og sikkerhet

Konsernet har verneombod i alle avdelingar og eige arbeidsmiljøutval. Arbeidsmiljøutvalet har halde 4 møte i 2012.

Ein har kartlagt arbeidsmiljøet og foretar tiltak i forhold til resultat av undersøkinga. Konsernet har IA avtale og dekker språkundervisning for framandspråklege tilsette. Konsernet er knyta til bedriftshelsetenesta i nærområde til avdelingane for å betra lokal oppfølging. Ei grundig risikoevaluering er gjennomført i alle avdelingar i konsernet.

Operativ verksemd har høgt fokus på tryggleik på sjø. Ein har investert mykje i nytt, sikrare arbeidsutstyr og har i samarbeid med dei tilsette hatt ei gjennomgang av klede og personleg verneutstyr.

Det har vore høgt fokus på sjukefråvær og tiltak på området. Det totale sjukefråveret i konsernet er som fylgje av dette er 4,3 % i 2012, mot 5,4 % i 2011. H-verdi i 2012 vart 29,9.

Ytre miljø

Oppdrettsaktiviteten har i 2012 ikkje hatt rømming av fisk. Me har fokus på best mogleg integrering av oppdrettsanlegga i lokalmiljøet og gjennomført fleire tiltak for å redusera påverknad av nærområdet i form av støy og lys. Verksemda overvaker nøye sjøkvalitet og påverknad av botnforholda rundt anlegga for å sikre ei berekraftig drift utan større fotavtrykk på miljøet.

Konsernet har kjeldesortering av papir, restavfall og bioavfall. Det er og returordning for plast og eiga ordning for spesialavfall.

Selskapets FoU aktivitet

I konsernet har ein som målsetting å drive aktivt med FoU. Arbeidet har vore konsentrert om utvikling og forbetring av kvalitet i slakte og foredlingsprosessen, samt utvikling av nye foredla kvalitetsprodukt. Selskapets FoU-aktivitetar blir utført i nært samarbeid med norske forskningsmiljø.

Marknadstilhøve/utsikter framover

Etterspurnaden etter sunn, trygg og god mat er sterk og marknaden har tatt unna den store auken i produksjonen som starta i 2011. Vedvarande låge lakseprisar i 2012 har vore utfordrande, men har bidrege til at marknaden for fersk atlantisk laks og foredla lakseprodukt har auka betydeleg. Auka etterspurnad og lågare produksjonsvekst vil no bidra til ein auka produktpris framover.

Konsernet har dei siste åra investert betydeleg i oppbygging av biomasse og driftsutstyr som sikrar ei målretta effektiv drift av matfiskverksemda. Det er og gjennomført ein betydeleg investering i nytt bygg og utstyr til foredling av laks og aure. Det vert satsa vidare på investeringar som skal sikra kapasitet til auka opptak av fisk og trygga den gode kvaliteten til pakkemerke H-82. I tillegg er det investert betydeleg i målretta marknadsarbeid som har bidrege til betydeleg vekst i sal av høgforedla kvalitetsprodukt

Med bakgrunn i ovanstående vert det i samsvar med regnskapslova § 3-3 stadfesta at føresetnaden om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.


Resultat og disponeringar i Bremnes Fryseri AS


Bremnes Fryseri AS hadde i år 2012 eit års-/konserneresultat på 58,0/33,0 millionar mot eit samanlikna års-/konserneresultat på -1,9/6,7 millionar året før. Den frie eigenkapitalen var pr. 31.12.12 på 54,0 millionar for selskapet.


Styret foreslår følgjande disponering av årsresultat for 2012 på kr 57 970 337:

Avsatt til annan eigenkapital: kr 57 970 337,-


Bremnes, 19. mars 2013


Øyvind Fossøy


Torbjørn S. Sæverud


Odd Steinsbø


Bjørn Willy Sæverud


Olav Svendsen jr.



Resultatregneskap

Mor – 01.01 - 31.12								Konsern – 01.01 - 31.12	
2012	2011	Note*		Note*	2012	2011			
16 825 973	12 064 941	2	Salsinntekter	2	1 130 734 170	996 145 551			
0	75 000		Andre driftsinntekter		1 797 328	583 130			
16 825 973	12 139 941		Sum inntekter		1 132 531 498	996 728 681			
0	0		Beholdningsendring varer	4	-44 302 832	-19 228 475			
0	0		Varekostnader		769 931 515	720 083 976			
390 004	203 504	6	Lønnskostnader	6	142 968 582	120 259 802			
8 330 163	8 006 538	12	Ordinære avskrivningar	12,13	68 428 726	49 741 392			
0	0		Nedskr. av varige driftsm. og immat. eigned.		4 500 000	0			
3 575 455	2 657 568	6,9	Andre driftskostnader	6,9	135 731 943	92 236 058			
4 530 351	1 272 331		Driftsresultat		55 273 563	33 635 927			
0	0		Inntekt frå investering i tilknytt selskap	7	9 412 248	6 703 251			
60 000 000	12 605 000	7	Konsernbidrag frå datterselskap		0	0			
239 709	0		Renteinntekt frå føretak i same konsern		0	0			
0	134		Andre renteinntekter		470 123	255 222			
955 838	1 149 717		Andre finansinntekter		4 813 789	3 360 697			
4 425 640	0	8	Verdiauke finansielle anleggsmiddel		4 425 640	0			
0	8 020 300	8	Nedskrivning finansielle anleggsmiddel		0	8 020 300			
14 891 185	10 185 237		Andre rentekostnader		25 650 550	18 650 404			
0	692 784		Andre finanskostnader		4 592 313	6 216 534			
55 260 353	-3 871 139		Ordinært resultat før skattekostnad		44 152 501	11 067 858			
-2 709 984	-1 950 493	10	Skattekostnad på ordinært resultat	10	10 912 534	4 377 937			
57 970 337	-1 920 646		Ordinært resultat		33 239 967	6 689 922			
57 970 337	0	11	Bruk av årsresultatet		0	0			
0	-1 920 646	11	Avsatt til anna egenkapital		0	0			
0	0		Overført frå anna egenkapital		0	0			
0	0		Minoriteten sin del	11	0	0			
0	0		Majoriteten sin del	11	33 239 967	6 689 922			
57 970 337	-1 920 646		Sum bruk		33 239 967	6 689 922			

*Noter

Notene finn du i den elektroniske utgåva på www.seashore.no


Nøkkeltal

i 1 000 NOK

	2012	2011	2010	2009	2008
Driftsinntekter	1 132 531	996 729	906 242	650 014	475 620
Driftsresultat	55 274	33 636	202 896	72 089	31 669
EBITDA	128 205	83 377	246 495	111 222	60 089
Resultat før skatt	44 153	11 068	184 725	82 282	-10 721
Sum eigendeler	1 350 406	1 122 487	1 027 936	918 934	727 143
Sum egenkapital	460 256	346 479	379 789	254 495	199 669
Netto renteberande gjeld	646 234	550 650	461 136	500 291	392 814
Eigenkapitalprosent	34,1 %	30,9 %	36,9 %	27,7 %	27,5 %
Bokført verdi pr. konsesjon	6 557	5 387	5 372	5 144	2 821

Omsetning

i 1 000 000 NOK



Eigenkapitalprosent

34,1 %

Total rentabilitet

5,7 %

Overskotsgrad

6,2 %


Mor – 01.01 - 31.12			Konsern – 01.01 - 31.12		
2012	2011	Note*	Note*	2012	2011
EIGEDLAR					
Anleggsmidler					
<i>Immaterielle eigedlar</i>					
0	0		13	638 000	0
0	0		13	137 691 706	107 749 772
6 215 078	3 506 137	10	10	0	0
0	0		13	170 964 671	5 461 592
6 215 078	3 506 137			309 294 377	113 211 364
Sum immaterielle eigedlar					
<i>Varige driftsmiddel</i>					
102 044 834	106 177 823	5,12	5,12	115 806 422	121 162 226
15 780 071	17 660 984	5,12	5,12	339 524 215	331 076 760
0	0		12	651 128	764 695
0	0		12	2 132 651	956 238
117 824 904	123 838 806			458 114 416	453 959 918
Sum varige driftsmiddel					
<i>Finansielle anleggsmiddel</i>					
277 894 719	161 760 230	5,7		0	0
16 372 715	2 750 000	3		0	0
4 000 000	23 830 031	7	7	17 240 000	16 494 529
16 928 840	12 503 200	8	8	18 955 122	13 384 952
0	0			1 526 458	1 201 273
315 196 274	200 843 461			37 721 580	31 080 754
439 236 256	328 188 404			805 130 373	598 252 036
Sum finansielle anleggsmiddel					
Sum anleggsmiddel					
Omløpsmiddel					
<i>Varer</i>					
0	0		4,5	20 858 907	17 947 936
0	0		4,5	417 789 962	374 686 273
0	0		4,5	9 957 720	7 881 339
0	0			448 606 589	400 515 548
Sum varer					
<i>Fordringar</i>					
51 350	0		5	64 027 318	86 045 482
65 214 656	15 099 159	3,14	3	11 868 044	28 259 200
65 266 006	15 099 159			75 895 363	114 304 682
Sum fordringar					
51 087	70 106			20 773 757	9 415 471
65 317 093	15 169 265			545 275 708	524 235 700
504 553 349	343 357 669			1 350 406 082	1 122 487 736
Sum omløpsmiddel					
Sum eigedlar					

***Noter**


Notene finn du i den elektroniske utgåva på www.seashore.no

Mor – 01.01 - 31.12			Konsern – 01.01 - 31.12			
2012	2011	Note*		Note*	2012	2011
EIGENKAPITAL OG GJELD						
Eigenkapital						
<i>Innskoten eigenkapital</i>						
6 100 000	6 100 000	11	Aksjekapital	11	6 100 000	6 100 000
29 031 512	29 031 512	11	Overkursfond	11	26 058 525	26 058 525
14 632 629	14 632 629	11	Innskoten annen eigenkapital	11	0	0
49 764 141	49 764 141		Sum innskoten eigenkapital		32 158 525	32 158 525
<i>Opptent eigenkapital</i>						
61 717 168	8 746 832	11	Annan eigenkapital	11	428 097 874	314 320 834
0	0	11	Minoritetsinteresser	11	0	0
61 717 168	8 746 832		Sum opptent eigenkapital		428 097 874	314 320 834
111 481 308	58 510 972		Sum eigenkapital		460 256 398	346 479 359
Gjeld						
<i>Avsetning for forpliktingar</i>						
0	0	6	Pensjonsforpliktingar	6	4 279 527	4 153 588
0	0	10	Utsett skatt	10	123 328 459	123 426 712
0	0		Sum avsetning for forpliktingar		127 607 986	127 580 300
<i>Anna langsiktig gjeld</i>						
253 246 603	165 796 729	5	Gjeld til kredittinstitusjonar	5	551 554 773	474 857 298
253 246 603	165 796 729		Sum anna langsiktig gjeld		551 554 773	474 857 298
<i>Kortsiktig gjeld</i>						
84 573 785	91 116 905	5	Gjeld til kredittinstitusjonar	5	1 115 453 522	75 793 317
1 710 129	957 253		Leverandørgjeld		66 532 793	64 047 922
0	0	10	Betalbar skatt	10	329 451	5 055 907
175 067	90 910		Skyldige offentlege avgifter		10 578 291	8 915 456
53 366 457	26 884 898	14	Anna kortsiktig gjeld	14	18 092 867	19 758 176
139 825 439	119 049 967		Sum kortsiktig gjeld		210 986 924	173 570 778
393 072 042	284 846 696		Sum gjeld		890 149 683	776 008 376
504 553 349	343 357 669		Sum eigenkapital og gjeld		1 350 406 082	1 122 487 736


Bremnes,
19. mars 2013




Torbjørn S. Sæverud



Olav Svendsen jr.



Odd Steinsbø



Øyvind Fossøy



Bjørn Willy Sæverud

***Noter**

Notene finn du i den elektroniske utgåva på www.seashore.no

Mor – 01.01 - 31.12		Konsern – 01.01 - 31.12	
2012	2011	2012	2011
		Kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter	
55 260 353	-3 871 139	44 152 501	11 067 858
1 043	-2 086	-5 055 383	-19 211 808
0	0	12 000	-210 875
8 330 163	8 006 538	68 428 726	49 741 392
0	0	4 500 000	0
-51 350	0	-26 072 877	-12 587 953
752 876	43 671	2 484 871	27 377 143
0	0	125 939	-32 976
0	0	0	0
-4 425 640	8 020 300	-4 425 640	8 020 300
-60 000 000	-12 605 000	-1 144 186	-5 619 472
9 872 471	14 467 952	1 049 393	-14 328 017
9 739 916	14 060 236	84 055 344	44 215 592
		Kontantstrømmer fra investeringsaktiviteter	
0	0	150 000	2 610 875
-2 316 231	-22 791 241	-57 279 280	-112 902 570
0	0	0	0
-96 304 458	-229 132	-127 275 458	-2 094 132
350 000	1 149 717	350 000	1 149 717
-98 270 689	-21 870 656	-184 054 738	-111 236 110
		Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter	
87 449 874	49 917 030	76 697 475	91 002 907
-6 543 120	-17 477 545	39 660 205	16 751 098
0	0	0	0
-5 000 000	-40 000 000	-5 000 000	-40 000 000
12 605 000	15 410 000	0	0
88 511 754	7 849 485	111 357 680	67 754 005
0	0	0	0
-19 019	39 065	11 358 286	733 487
70 106	31 041	9 415 471	8 681 984
51 087	70 106	20 773 757	9 415 471

*Noter

Notene finn du i den elektroniske utgåva på www.seashore.no

Noter

Års- og konsernrekneskapet for Bremnes Fryseri AS består av følgende deler:

- *Resultatrekneskap*
- *Balanse*
- *Kontantstraumanalyse*
- *Noter*

Års- og konsernrekneskapet, som er utarbeida av selskapet sitt styre og leing, må lesast i samanheng med års- og revisjonsmeldinga. Når faktiske tal ikkje er tilgjengelege/sikre på tidspunkt for rekneskapsavlegginga, tilseier god rekneskapskikk at leiinga bereknar eit best mogleg estimat for bruk i årsrekneskapet. Det kan framkomme avvik mellom estimerte og faktiske tal.

Note 1 Rekneskapsprinsipper

Grunnleggjande prinsipp - vurdering og klassifisering - Andre forhold

Årsrekneskapet består av resultatrekneskap, balanse, kontantstrømsoppstilling og noteopplysningar og er avlagt i samsvar med aksjelov, rekneskapslov og god rekneskapskikk i Noreg gjeldande pr. 31. desember.

Årsrekneskapet er basert på de grunnleggjande prinsipp om historisk kost, samanlikning, fortsatt drift, kongruens og varsemnd. Transaksjonar blir rekneskapsført til verdi av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt blir resultatført når dei er opptent og kostnad sammenstilt med

Konsernrekneskapet inneheld konsolidert rekneskap for morselskapet Bremnes Fryseri AS, med dotterselskapa Bremnes Seashore AS, Salmon Brands AS, Kald Fisk AS og Sølvmfisk AS. Dotterselskapa er eigd 100 %.

Salmon Brands AS blei eit heileigd dotterselskap i 2012. Salmon Brands AS er konsolidert inn i konsernrekneskapet med verknad frå 15.03.2012.

Transaksjonar og mellomverande mellom selskapa i konsernet er eliminert. Konsernrekneskapet er utarbeida etter einsarta prinsipp, ved at dotterselskapet følger dei samme rekneskapsprinsippa som morselskapet.

Tilknyttta selskap er eining hvor konsernet har betydeleg, men ikkje bestemmande innflyting,

over den finansielle og operasjonelle styringa. Konsernrekneskapet inkluderar konsernets del av resultat fra tilknyttta selskap rekneskapsført etter eigenkapitalmetoden frå det tidspunkt betydeleg innflyting oppnås og inntil slik innflyting opphørar.

Kontantstraumoppstillinga er utarbeida etter den indirekte metode. Kontantar og kontantekvivalenter omfattar kontantar og bankinnskot.

opptente inntekter. Rekneskapsprinsippa blir utdjupe nedanfor.

Eigendeler/gjeld som knyttar seg til varekretsloppet og postar som forfaller til betaling innan eitt år etter balansedagen, er klassifisert som omlaupsmiddel/kortsiktig gjeld. Vurdering av omlaupsmiddel/kortsiktig gjeld skjer til lavaste/høgaste verdi av innkjøpskost og verkeleg verdi. Verkeleg verdi er definert som antatt framtidig salspris redusert med forventa salskostnad. Anna eigendelar er klassifisert som anleggsmiddel. Vurdering av anleggsmiddel skjer til innkjøpskost. Anleggsmiddel som blir forringa avskriven. Dersom

det finn stad ei verdiendring som ikkje er forbigåande, blir det foretatt ei nedskriving av anleggsmiddelet. Tilsvarende prinsipp blir normalt lagt til grunn for gjeldsposter.

Det er i henhold til god rekneskapskikk nokre unnatak frå dei generelle vurderingsreglane. Desse unnataka er kommentert i dei respektive noter. Ved anvending av rekneskapsprinsipp og presentasjon av transaksjonar og andre forhold, blir det lagt vekt på økonomiske realiteter, ikkje berre juridisk form. Betinga tap som er sannsynlege og kvantifiserbare, blir kostnadsført.

Rekneskapsprinsipp for vesentlege rekneskapsposter

Inntektsføringstidspunkt

Inntekt blir resultatført når den er opptent. Inntektsføring skjer føleleg normalt på leveringstidspunktet ved sal av varer og tenester. Driftsinntektene er fråtrekt merverdiavgift, rabattar, bonuser og fakturerte fraktkostnader.

Kostnadsføringstidspunkt / samanstilling

Utgifter blir samanstillt med og kostnadsført samtidig med dei inntekter utgiftene kan henføres til.

Utgifter som ikke kan henføres direkte til inntekter, kostnadsføres når dei påløper.

Varelager og varekostnad

Behaldninger av varer vurderes til det lavaste av kostpris og antatt salspris. Kostpris for innkjøpte varer er innkjøpskost. Årets varekostnad består av kostpris solgte varer med tillegg av nedskrivning i samsvar med god rekneskapskikk pr. årsslutt. Fisk i sjø er i rekneskapet vurdert til full tilverksingskost.

Varige driftsmiddel

